

17. april 2020

## **Informasjon til barnehageforeldre i Hjelmeland kommune i anledning opning av barnehagar under covid 19-utbrotet**

Barnehagane i kommunen opnar igjen måndag 20. april, og Hjelmeland kommune vil følgje dei nasjonale retningslinene og den nasjonale rettleiaren om smittevern i barnehagar.

Før barnehagane vart stengde i Noreg vart det ikkje registrert noko kjent smittespreiing mellom born i barnehagar. Samanlikna med vaksne er få born identifisert som smitta i Noreg og verda elles. Born og unge har så langt vist seg å ha svært låg risiko for alvorleg sjukdom med koronavirus. Dette er lågare enn for andre luftvegssjukdomar som born kan verte råka av, til dømes influensa og RS-virus.

### **Det er trygt for born å gå i barnehagen**

For å avgrense smitte har vi no sett i gang ei rekkje tiltak i barnehagen. I perioden framover vil vi vere ekstra nøye med å tryggje godt smittevern. Dette avheng av at vi alle gjer ein innsats og følgjer dei nye råda. I barnehagen vil vi vere spesielt opptekne av å:

- vaske hender og følgje opp borna slik at dei lærer gode rutinar for handvask
- ha godt reinhald i barnehagen
- vaske leiker jamleg
- vere ekstra mykje ute med borna i tida framover
- ha mindre grupper av born som er saman med faste tilsette

### **Barnehagen skal framleis gi omsorg til borna**

Vi skal framleis ta vare på borna sine behov for fysisk omsorg og sørge for at alle born opplever tryggleik, å høyre til og at dei opplever trivsel i barnehagen. Kos og trøyst er framleis viktig for borna.

### **Viss barnet ditt ikkje kjenner seg bra**

Har barnet ditt symptom på sjukdom, også milde symptom, skal det ikkje kome i barnehagen. Det vil seie at viss barnet har milde luftvegssymptom, er forkjøla eller har sjukdomsfølelse, skal barnet ikkje møte i barnehagen. Det er ekstra viktig no at borna er heime i minst eitt døgn etter at dei har blitt symptomfrie.

Foreldre som har luftvegssymptom, skal ikkje følgje eller hente born i barnehagen.

Har foreldre eller nokon andre i husstanden fått påvist sjukdom med koronavirus, skal dei heller ikkje kome i barnehagen. Viss barnet blir dårleg i barnehagen, må de hente barnet så fort det let seg gjere.

### **Foreldre skal helst ikkje bli med inn i barnehagen**

Vi prøver så langt det let seg gjere å ta imot borna ute. Born bør ha uteklede når dei kjem i barnehagen.

Nærmere informasjon kring det praktiske ved levering og henting, og konkrete tider for levering og henting, vil de få frå den einskilde barnehage. Det er viktig at foreldra held dei tidene de får. Viss de ikkje får levert/henta på oppgitt tidspunkt, ber me om at de tek kontakt med barnehagen for å avtale eit nytt tidspunkt slik at de kan kome etter at andre foreldre har levert/henta. Dette for å unngå smittesituasjonar.

### **Opningstider**

Opningstider for barnehagane i Hjelmeland kommune vert i første omgang kl. 08.00-15.30. Innanfor denne opningstida vil barna få 6 timar opphaldstid pr. dag, ut i frå tider tildelt kvar kohort (gruppe) i barnehagen. Dette vil kvar barnehage gje ytterlegare informasjon om.

Opningstida er redusert i denne perioden for å kunne gjennomføre organisering av barnehagedagen på ein slik måte som oppgitt i smittevernrettleiaren for barnehagane.

Denne organiseringa vil verte vurdert i løpet av neste veke, og informasjon om endringar kring vidare organisering vil verte gitt då.

### **Mat**

Barna vert bedt om å ta med seg matpakke til eitt måltid (lunsj) kvar dag i barnehagen. Dei må altså ha ete frukost heime før dei vert levert i barnehagen.

### **Ikkje ta med leiker heimanfrå**

Borna skal ikkje ta med eigne leiker heimanfrå. Viss barnet ditt har ein eigen kosebamse for å sove, kan dei ta med denne. Men det er ekstra viktig at han ikkje vert delt med andre born i barnehagen.

Handvask er like viktig heime som i barnehagen. Vask hendene før de kjem i barnehagen, og med ein gong de kjem heim. Vi oppfordrar til at borna er saman med få andre born på fritida, og at leik helst går føre seg ute.

For meir informasjon kring barnehagar i drift under koronavirusutbrotet (covid-19), sjå utdanningsdirektoratet sine nettsider: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/>

På heimesida til kommunen finn de oppdateringar og informasjon kring koronasituasjonen, m.a. korleis det vert med foreldrebetaling: <https://www.hjelmeland.kommune.no/korona/>

Med helsing

Sigrund Kleppa

Kommunalsjef for oppvekst